

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 13/960 -  
Arkivkode: 111

---

Sakshandsamar: Helge Drange

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 91/13	FORMANNSKAPET	03.12.2013
PS 58/13	KOMMUNESTYRET	17.12.2013

### EIGEDOMSSKATT 2014

#### SAKSUTGREIING:

Vedtaket om utskriving av eigedomsskatt må gjerast kvart år i samband med budsjetthandlinga for det komande skatteåret, jf. Eigedomskattelva § 10.

#### INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2014 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2014 på 3,8 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2014.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar med forfall i februar, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

#### HANDSAMING I FORMANNSKAPET 03.12.2013:

Arne Skutlaberg sett fram slikt framlegg til endring:

«Eigedomsskattesatsen er for 2014 3 promille.»

John Martin Dale sette fram slikt framlegg til endring:

«Det vert ikkje kravd inn eigedomsskatt i 2014.»

Ved avrøysting fekk framlegget frå Arne Skutlaberg 3 røyster (H, Sp), framlegget frå John Martin Dale fekk 1 røyst (Frp), rådmannen si innstilling fekk 3 røyster (Ap.)

Framlegget frå representanten John Martin Dale vert rekna som falt og det vart gjennomført ny avrøysting mellom dei to framlegga som fekk flest røyster.

Ved ny avrøysting fekk framlegget frå Arne Skutlaberg 4 røyster (H, Sp og Frp), rådmannen si innstilling fekk 3 røyster (Ap).

Det ligg då føre fleirtals og mindretalsframlegg frå formannskapet:

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I FORMANNSKAPET 03.12.2013 MED 4 RØYSTER  
(B.L., T.L., A.S. OG J.M.D.):**

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2014 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2014 på 3 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2014.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar med forfall i februar, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I FORMANNSKAPET 03.12.2013 MED 3 RØYSTER  
(K.H., A.M.F. OG I.R.):**

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2014 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2014 på 3,8 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2014.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar med forfall i februar, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningslinjer.

### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 17.12.2013:**

Representanten Bjørn Lande sette på vegner av Høgra fram framlegg om slik endring i rådmannen si innstilling, 2. avsnitt:

«Eigedomsskattesatsen er for 2014 på 2 promille.»

Representanten Ole Christian Kjerrgård ba på vegner av Senterpartiet om at deira framlegg i formannskapet vart trekt. Framlegget frå Sp var også fleirtalsframlegg frå formannskapet. Ingen av kommunestyret sine representantar hadde merknad til at det ikkje vart gjennomført avrøysting over formannskapet sitt fleirtalsframlegg.

Det vart gjennomført avrøysting mellom mindretalsframlegget frå formannskapet og framlegget frå Høgre, det vart først røysta over endringsframlegg frå Høgre og deretter over mindretalsframlegget frå formannskapet. Ved avrøysting fekk framlegg frå Høgre 9 røyster (H, Frp, O.CK) Mindretalsframlegget frå formannskapet fekk 12 røyster (Ap, V, Krf, A.M).

Etter handsaming ligg det føre slikt vedtak:

### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 17.12.2013:**

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2014 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2014 på 3,8 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2014.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar med forfall i februar, mai, september og november.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningslinjer.